

Saksprotokoll i fylkestinget - 11.12.2018

Jon Askeland (Sp) sette på vegne av Ap, SP og Krf fram slikt forslag:

Tillegg.

«Nytt punkt.

Fylkestinget syner til fråsegn i FT-møte juni 2018, og peikar på at ny tunell mellom Klauvaneset – Vågsbotn må få investeringsmidlar i første fase av revidert NTP, dvs. 2022/2023, og føreset at det vert løyvd midlar til dette.»

Terje Søviknes (Frp) sette fram slikt forslag:

«Alternativt framlegg til pkt. 1;

Fylkestinget er tilfreds med at staten finansierer 50 % utbygging av større kollektiv infrastruktur. Fylkestinget finner det urimelig å belaste bilistene med bompenger til sykkel og bybaneutbygging. Fylkestinget vil ha utredet andre kollektivløsninger til Åsane, slik som lav- og nullutslippsbusser i egne kollektivtraseer.

Vedlikehold av bybaneinfrastruktur må tas over ordinært fylkesbudsjett og ikke belastes bilistene via bompenger. I den grad vedlikehold skal belastes bilistene bør disse i sin helhet gå til veivedlikehold.

Det må foretas en utredning på hvor stor andel av de reisende som benytter utbygde sykkelveier (både sommer- og vinterstid).

For øvrig slutter fylkestinget seg til Handlingsprogrammet Miljøløftet 2019-22.»

Natalia Golis (MDG) sette fram slik protokollmerknad på vegne av MDG:

«Slik vi i MDG oppfattar punktet handlar det om rekkefølga av prosjektet Åsane-Arna versus Åsane-Klauvaneset. I denne prioriteringa er det etter vårt syn riktig å prioritera Åsane-Klauvaneset. Når det gjeld dimensjoneringa av dei omtalte vegtraseane, meiner Miljøpartiet Dei Grøne at denne er for stor i NTP.»

Det var 54 representantar til stades.

Røysting

Søviknes sitt forslag til pkt.1 fekk 6 røyster (Frp) og fall.

Innstillinga pkt.1 fekk 48 røyster (A,Sp,Krf,SV,V,R,MDG;H) og vart vedteken.

Innstillinga pkt.2 og pkt. 3 vart samrøystes vedtekne.

Innstillinga pkt.4 fekk 37 (A,Sp,Krf,SV,V,R,MDG) røyster vart vedteken.

Askeland sitt forslag vart vedteke med 51 røyster (A,Sp,Krf,V,R,MDG;Frp,H) og vart vedteke.

Vedtak

1. Fylkestinget sluttar seg til forslaget til Handlingsprogram for Miljøløftet 2019 – 2022 slik det er lagt fram.
2. For å oppnå reell porteføljestyling i Miljøløftet meiner fylkestinget statlege programområde- og trafikktryggleiksmidlar ikkje berre kan nyttast til riksveg/ vegar med riksvegfunksjon.

3. Fylkestinget legg til grunn at det i 2019 vert gjennomført utgreiing av kollektiv-/ sambruksfelt på nordre og vestre innfartsåre
4. Hordaland Fylke har hatt ein kraftig vekst i kollektivtrafikken dei siste åra. Ei ønska utvikling i tråd med mål om nullvekst i biltrafikken. Det er behov for å betre finansieringa av kollektivtrafikken gjennom auka statlige midlar. Fylkestinget og bystyret i Bergen har også vedteke at ein kan nytte inntektene frå bomringen i Bergen til å drifte kollektivtrafikken. I forhandlingane om miljøløftet må dette følgjast opp slik at ein kan hente inne inntekter frå denne pakken til å sikre framleis auke i kollektivtrafikken.
5. Fylkestinget syner til fråsegn i FT-møte juni 2018, og peikar på at ny tunell mellom Klauvaneset – Vågsbotn må få investeringsmidlar i første fase av revidert NTP, dvs. 2022/2023, og føreset at det vert løyvd midlar til dette.

Protokollmerknad frå MDG.

Slik vi i MDG oppfattar punktet handlar det om rekkefølga av prosjektet Åsane-Arna versus Åsane-Klauvaneset. I denne prioriteringa er det etter vårt syn riktig å prioritera Åsane-Klauvaneset. Når det gjeld dimensjoneringa av dei omtalte vegtraseane, meiner Miljøpartiet Dei Grøne at denne er for stor i NTP.